



Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

## Innhenting av opplysningar - Byggesak - Kvinnherad - 129/4 - Uskedalen - tilbygg eksisterande fjøs

Viser til Kvinnherad kommune ved Forvaltningsutvalet sitt vedtak av 29.01.2020 og til oversending av klagesaka hit datert 05.05.2020.

Før Fylkesmannen kan handsame klagesaka, treng vi svar på nokre spørsmål for å få saka tilstrekkeleg opplyst. Med grunnlag i forvaltningsloven (fvl.) § 33 femte ledd siste setning ber vi derfor Kvinnherad kommune foreta naudsynte undersøkingar og svare på spørsmåla i skrevet her.

Det er satt ein relativt lang svarfrist for å ta omsyn til kommunens møtekalender.

Som vi skreiv i vedtaket 04.12.2019, gjev plan- og bygningslova § 29-4 første setning ikkje lovheimel for å avslå ein søknad, dersom plasseringa elles er i tråd med lovverket. Plasseringa «skal godkjennes av kommunen». Det vil seie at kommunen *enten* skal godkjenne den plasseringa det er søkt om, *eller* godkjenne søknaden med ei alternativ plassering. Føresetnaden for å kunne godkjenne tiltaket med ei alternativ plassering, er at det er avgjerande grunnar taler mot plasseringa det er søkt om. Vidare må den alternative plasseringa eventuelt kunne innfri formålet med søknaden.

Kommunen ved Forvaltningsutvalet har vist til ei alternativ plassering av tilbygget. For å kunne vurdere om det er heimel i § 29-4 for å pålegge ei slik plassering, ber vi kommunen teikne inn på kart nøyaktig kor tilbygget kan plasserast, slik kommunen meiner at de kan godkjenne det. Denne alternative plasseringa er utgangspunktet for å kunne svare på spørsmåla i det følgjande:

- I kva grad vil alternativ plassering tilfredsstillе formålet med det omsøkte tilbygget?
- Vil alternativ plassering oppfylle dei krav som stilles til husdyrbygningar og gardsdrift generelt?
- Er det nokon, og i så fall kva, ulemper tiltakshavar vil påførast ved alternativ plassering?
- Vedtaket viser til ei rekke ulemper som nabo påførast, i kva grad gjer disse seg gjeldande ved omsøkt plassering? Kva vekt meiner kommunen at dei ulike ulempene har?
- Kva fordeler gir omsøkt plassering for gardsdrifta og i kva grad gjer dei seg gjelande?



- Kor store er disse fordelane med omsøkt plassering for tiltakshavar sett opp mot eventuelle ulemper ved alternativ plassering?
- Kor store er fordelane med omsøkt plassering sett opp mot ulempene som nabo påførast med omsøkte plassering?

Partane har høve til å uttale seg som ledd i kommunens undersøking av saka. Om uttale frå tiltakshavar i samband med eventuell alternativ plassering etter pbl. § 29-4, sjå Innjord m. fl., Plan- og bygningsloven med kommentarar bind 2 (2020), side 905 og Sivilombudsmannens uttale i sak 2012/215. Sivilombudsmannen legg til grunn at ei alternativ plassering forutsett i praksis dialog med tiltakshavar.

Tiltakshavar og nabo er satt som kopimottakarar. Dersom partane uttaler seg, ber vi kommunen i tillegg foreta ei sjølvstendig vurdering og sjølv svare på spørsmåla i skrivet her. På generelt grunnlag vil vi elles minne om at folkevalde organ kan be om bistand frå tilsett administrasjon til å formulere grunngeving, dersom ein ønskjer dette, jf. kommunelova § 13-1 tredje og fjerde ledd. Dette gjeld også dersom grunngevinga vik få saksframlegget eller innstillinga.

Vi strekar under at Fylkesmannen med dette ikkje har teke stilling til, eller meint å leggje føringar for, kommunen sitt skjønn etter § 29-4 første setning.

Svaret på dette brevet må være sendt innen 21.08.2020. Vi ber om at partane vert underretta ved kopi av svaret, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Med helsing

Arnt Erik Nordheim  
seniorrådgjevar

Tonje Engström  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

MARITA KJÆRLAND

Ivar Kåre Døssland

Ståle Døssland Richardsen

Døsslandssido 125 5463 USKEDALEN

Døsslandssido 129 5463 Uskedalen

Guddalsvegen 105 5472 Seimsfoss